

# Møteprotokoll

**Utval:** Jostedalsbreen nasjonalparkstyre  
**Møtestad:** Teams  
**Dato:** 29.06.2021  
**Tidspunkt:** 14:00 -14:30

## Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Kari Synnøve Muri	Nestleiar	Stryn kommune
Vibeke Johnsen	Medlem	Sogndal kommune
Oddmund Klakegg	Medlem	Sunnfjord kommune
Helge Stormoen	Medlem	Vestland fylkeskommune

## Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Ivar Kvalen	Styreleiar	Luster kommune
Mariel Eikeset Koren	Medlem	Gloppen kommune

---

## Merknader

---

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Marthe Gjerde	Nasjonalparkforvaltar
Tor Arne Hauge	Nasjonalparkforvaltar

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

---

Kari Synnøve Muri

---

Vibeke Johnsen

## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 29/21	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 30/21	Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar		
ST 31/21	Søknad om dispensasjon for motorferdsel med helikopter i samband med filmopptak til dokumentarfilm		2021/9341

### **ST 29/21 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

#### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 29.06.2021**

##### **Handsaming i møte:**

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

##### **Vedtak**

Samrøystes vedteke.

### **ST 30/21 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar**

#### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 29.06.2021**

##### **Handsaming i møte:**

Kari Synnøve Muri føreslo Vibeke Johnsen til å signere møteprotokollen i lag med nestleiar.

##### **Vedtak**

Samrøystes vedteke.

### **ST 31/21 Søknad om dispensasjon for motorferdsel med helikopter i samband med filmopptak til dokumentarfilm**

#### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 29.06.2021**

##### **Handsaming i møte:**

Styret drøfta saka. Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

## Vedtak

Speranza Film AS får løyve til motorferdsle med helikopter i Jostedalsbreen nasjonalpark med heimel i naturmangfaldlova § 48 første ledd. Løyvet vert gjeve i samband med filmopptak som skal nyttast i naturdokumentaren Fedrelandet. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vurderer det slik at filmen kan vere med å profilere området og nasjonalparken på ein måte som kan gje positive ringverknader for reiselivet i regionen, samstundes kan filmen skape større respekt for naturen, Jostedalsbreen og det verna området.

Filminga med helikopter skal skje på fire strekningar over breen, jfr. kartvedlegg i søknad. Ved Flatsteinbu skal filming utførast med drone og på bakken, utan bruk av helikopter.

Løyvet vert gjeve med fylgjande vilkår:

- 1) Dispensasjon for motorisert ferdsel gjeld for 2 dagar innanfor perioden 15. august -01. oktober i 2021. Dersom vêrtilhøva skapar problem med gjennomføring, kan det gjevast inntil 1 dag utvida løyve.
- 2) Det vert gjeve løyve til 2 landingar ved Flatsteinbu for frakt av utstyr og personell.
- 3) Det vert gjeve løyve til inntil 5 timar lågtflyging med helikopter for filming over Jostedalsbreen etter fire spesifiserte flyruter. Lågtflyginga skal gjennomførast i løpet av ein dag.
- 4) Det vert ikkje gjeve løyve til flyging laurdagar eller sundagar
- 5) Det skal kome fram i dokumentaren at deler av dei filma områda ligg i Jostedalsbreen nasjonalpark, minimum i rulleteksten.
- 6) Statens naturoppsyn skal kunne inspisere aktiviteten etter behov. SNO Jostedalsbreen v/ Anne Rudsengen skal varslast om opptaksdato seinast dagen før (tlf. 959 63 888 – e-post [anne.rudsengen@miljodir.no](mailto:anne.rudsengen@miljodir.no))
- 7) Helikoptertransporten skal avgrensast til det som er strengt naudsynt.
- 8) Under helikoptertransporten skal det takast omsyn til dyreliv og folk på tur i området slik at ein så langt som mogeleg unngår å uroe desse
- 9) Filmopptak som blir vist i produksjonen skal ikkje vise motoriserte aktivitet, men formidle aktivitetar som skjer i pakt med naturen og innan rammene for verneforskrifta
- 10) Området skal ryddast grundig etter opptak, slik at ingenting blir liggjande igjen i naturen.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal ha skriftleg tilbakemelding om gjennomført helikoptertransport innan 15.10.2021